

Bukkehorn – trompethorn og flishorn/tungehorn

Historie, utforming og spel

Bukkehorn er eit fellesnamn for folkelege blåseinstrument laga av dyrehorn – oftast geitehorn – som enten blir spelt på som trompet (med leppevibrasjon) eller som klarinett (med påbunden flis). Tradisjonen i Noreg er gamal: horn har truleg vori brukt heilt sidan steinalderen, først som skremme- og signalreiskap. Etter kvart byrja ein å bora fingerhøl (to–tre i tidlege utgåver) for å kunne spela enkle melodiar og signal; seinare fekk horna fleire høl. I folketradisjonen finn vi òg namn som *prillarhorn*, *(s)tutarhorn*, *låtarhorn* og *spelarhorn*.

I Noreg skil ein millom to typar bukkehorn: *trompethorn*, der ein set blåseenden mot leppene og får lyd med leppevibrasjon, og *flishorn* (også kalla *tungehorn*), der ei treflis (vanlegvis einer) er festa langs blåseenden slik at instrumentet oppfører seg som ei enkel klarinett. Flishornet har vori mest utbreidd i Trøndelag og sørover langs Gudbrandsdalen, medan trompethornet har vori mest utbreidd lenger sør (Hallingdal, Numedal, Telemark, Hordaland, Sogn og Fjordane, og Valdres frå Aurdal og nordover).

I samlingar og kjelder finn vi horn med alt frå 2–3 fingerhøl i eldre former til instrument med 6–7 høl; med fleire fingerhøl på flishorn enn på trompethorn. I dag har horntypene standardisert seg med 5 fingerhøl på eit typisk trompethorn, og 7-8 fingerhøl på flishorn. Begge horntypene stemmes i rein moll.

Bukkehornet er i hovudsak eit soloinstrument og har vori knytt til gjeting, sæterliv og signalbruk. Mykje av repertoaret på bukkehorn baserer seg på enkle stubbar og lokkar, men også på vokalt materiale og dansemusikk. som bansullar, salmar, pols og halling.



Figur 1 Nær bilete av flis på flishorn



Figur 2 Trompethorn



Figur 3 Flishorn

Korleis lage eit bukkehorn (trompethorn)

Grovt sett kan tilvergingsprosessen delast inn soleis:

1. Førebuing av horn

Først må kviken fjernast frå innsida av hornet. Dette gjerast enklast ved å enten koke hornet i 1-2 timar eller henge det ute og la spyfluga gjere jobben over lengre tid. Etter dette bør hornet vaskast for hand for å fjerne resterande fetthinner og anna sarv. Puss evt. hornet ned med sandpapir om det er grovt eller flisete, eller etter personleg estetikk.



Figur 4 "Ferske" bukkehorn

2. Blåseende / munnstykke

Mål lengda på holrommet i hornet (med t.d. ein ståltråd) og merk av på hornet. Kapp hornet ein 2-3 cm ovom dette merket. Når det er gjort kan ein bore seg inn i hornet (via kappflata) med eit 4 mm bor, sånn at ein borer seg inn i holrommet. Form så til eit kopp til munnstykket (lag ei U-form). Tut til og sjekk grunntona i hornet og tonekvaliteten. Juster med større luftkanal om nødvendig, eller kort ned lengda på hornet om du ønsker lysare grunntone.

3. Fingerhøl og stemming

Kjenn korleis hornet ligg best i hendene når du held høgerhanda omtrent midt på hornet. Merk kor du vil ha fingerhøla dine (4 hål på toppen, 1 tommelhull på botnsida), og begynn med å bore høla med eit 4 mm bor. Stem så eitt og eitt hål frå botn av (frå littlefingeren) til ønska intervall; større diameter på fingerhøla og/eller tynnare hornvegg gir høgare intervall).

4. Finjusteringar og utsjånad

Avslutt med eventuelle finjusteringar og pynt. Det er til dømes vanleg å bore eitt eller to hål for oppheng (vanlegast ved ytterkant i enden av hornet), og å smøre inn hornet med litt olje (matolje eller kaldpressa linolje).

Det vart bygd bukkehorn, horn i tre og kuhorn på instrumentmakarseminaret «Læven og lokk – nordisk instrumentmakarseminar» som vart arrangert av Karstein Grønnesby og Sylvelin Hege Sevilhaug i samarbeid med Norsk lur- og bukkehornlag.

Foto: Karstein Grønnesby

Lenke til video frå instrumentmakarseminaret:

<https://www.youtube.com/shorts/c-WmTTitUIM>

Oslo 11.10.2025

Karstein Grønnesby

Seminaret vart gjennomført med stønad frå: